



Miljødirektoratet
PB 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3771 - 18/5849

Saksbehandlar:
Hogne Haugsdal
Hogne.Haugsdal@lindas.kommune.no

Dato:
22.02.2018

Samtykke til makebyte og utvikling på gbnr 172/96 Fisketangen – Lindås kommune

Vi viser til dialog mellom Lindås kommune og Direktoratet for Naturforvaltning i 1992 vedrørende makebyte på gbnr 172/96 Fisketangen i Lindås kommune. Direktoratet avviste den gongen planane om eit makebyte for å etablere eit naustområde på Fisketangen (Vedlegg 1). Det blei vist til at ei slik etablering ville vere i strid med friluftsføremålet som står i skjøtet for gbnr 172/96 (Vedlegg 2).

Bakgrunnen for saka om eit makebyte i 1992, var at Lindås kommune ønska å innlemme Storskjeret som ein del av friluftsområdet på Fisketangen. Grunneigarane av Storskjeret, Hopland Felles, ønska at dette skulle skje ved eit makebyte, der kommunen skulle overta Storskjeret - mot at grunneigarane fekk overta eit naustområde på austsida av Fisketangen.

I etterkant av prosessen i 1992 har det vore lite aktivitet i den aktuelle saka. I 2013 tok grunneigarane i Hopland Felles kontakt med kommunen igjen, med eit ønskje om ta opp igjen saka om eit makebyte av Storskjeret mot eit naustområde på austsida av Fisketangen. Då blei det også presisert at det var lagt inn eit naustområde på Fisketangen, AN2, ved revisjonen av kommuneplanen sin arealdel i 1999 (Vedlegg 3)

Saka blei lagt fram for politisk handsaming 8. desember 2016, og formannskapet i Lindås gjorde følgjande vedtak:

Lindås kommunestyre ber rådmannen forhandla fram ein ny avtale med Hopland felles på Fisketangen (gbnr 172/96). Følgjande premissar må inn i avtalen som må godkjennast i kommunestyret til slutt:

- 1. Felleseiga Storskjeret, valleplassrett og ev. alle andre særrettar Hopland felles har på eigedomen (172/96) vert bytta mot areal innanfor området AN2 vist i kommuneplanen sin arealdel.*
- 2. Hopland felles må godta at naustområdet må opparbeidast frå sjøsida, og at dei ikkje skal ha rett til å køyra med bil/ traktor eller anna utstyr inne i friluftsområdet.*
- 3. Hopland felles får rett til å etablere enkel grusa gangsti med maksimum breidde på 1 meter frå eksisterande parkeringsplass ned til naustområdet.*
- 4. Det må takast atterhald om at avtalen først kan godkjennast av kommunestyret når det er gjeve samtykke frå Miljødirektoratet/ ev. anna ansvarleg statleg instans.*



5. Det må presiserast i avtalen at det ligg føre eit plankrav i kommuneplanen og at Hopland felles har ansvaret for alle kostnader knytt til reguleringsplanprosess og gjennomføring av denne.

Vurdering av avtale

Med bakgrunn i det politiske vedtaket har rådmannen forhandla fram ein avtale i samarbeid med Hopland Felles (Vedlegg 4). I det politiske vedtaket og i avtalen er det lagt vekt på at det ikkje skal gjennomførast tiltak på friluftsområdet ved ei eventuell utbygging av eit naustområde i området AN2. Dette vil sikre intensjonen som ligg i skjøtet om at eigedomen ikkje skal brukast til anna enn friluftsføremål.

Vi ber med dette om ei vurdering frå Miljødirektoratet på avtalen som er inngått mellom Lindås kommune og Hopland Felles, jfr kausul i skjøtet.

Ta kontakt med underteikna om de har spørsmål eller om noko er uklart. Tlf: 99574946.

Vedlegg:

- 1) Uttale frå Direktoratet for Naturforvaltning, datert 19.02.92
- 2) Skjøte for gbnr 117/96 Fisketangen i Lindås kommune
- 3) Kartutsnitt frå kommuneplanen sin arealdel – Fisketangen
- 4) Forslag til avtale mellom Lindås kommune og Hopland Felles

Med helsing

Hogne Haugsdal
ass. rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg 1_Uttale frå Direktoratet for Naturforvaltning_1992

Vedlegg 2_Skjøte Fisketangen gbnr 172_96

Vedlegg 3_Kartutsnitt kommuneplanen sin arealdel_Fisketangen_Lindås kommune

Vedlegg 4_AVTALE Hopland Felles_Lindås kommune_Fisketangen_endelig

Mottakarar:

Miljødirektoratet

PB 5672
Torgarden

7485

TRONDHEIM